



KJELL LANGESÆTER

5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Helen Haaland, 5764 3080

Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfrist - produksjonstilskot 2019, del 1

Vi viser til klage på vedtak om produksjonstilskot, innsendt 28.04.2020. Saka vart oversendt frå Alver kommune 29.04.2020

Vedtak

Fylkesmannen gjev med heimel i *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9*, føretaket Kjell Langesæter, avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2019.

Bakgrunn

Du meiner du sende søknaden innan fristen i 2019, men at den ikkje har vorte registrert.

I slike saker ber vi Landbruksdirektoratet sjå om det er elektronisk spor etter at søkjar har vore inne på søknaden sin i perioden 1.- 29. mars 2019. Det kan skje feil i samband med den elektronisk søknadsprosessen, men loggen vil vise om søkjar har vore inne på søknaden sin.

Landbruksdirektoratet skriv at dei for ditt føretak, del 1 av søknaden i 2019 «*Finner ingen spor i loggen*».

Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket* (forskrifta) og *Veileder til søknad om produksjonstilskudd*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid, og det same gjeld endringar i søknaden. Søknadsfristen er 15. mars med frist for endring 29. mars. I 2019 vart søknadsfristen utsett til 29. mars. Fylkesmannen kan i særskilde høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9.

Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søkjar overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2019 – 34 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfeller». Det tyder at



det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Det kan vere aktuelt å innvilge dispensasjon dersom søkjar ikkje var i stand til å ivareta sine interesser på søknadstidspunktet, for eksempel på grunn av ulukke, alvorleg sjukdom, sjukehusopphald eller liknande. Økonomiske konsekvensar for søkjar kan ikkje reknast som «særlege tilfeller» som gjev grunnlag for dispensasjon.

I rundskriv 2020-13, gjev Landbruksdirektoratet nye retningslinjer for dispensasjon; «*Dersom føretaket har vært inne i søknadsskjemaet i eStil PT i den aktuelle søknadsomgangen, men ikke sendt inn søknad, vil dette utgjøre et «særleg tilfelle» som gir grunnlag for dispensasjon fra søknadsfristen, jf. forskrift om produksjons- og avløsertilskudd § 9 andre ledd.*»

Søknadsfristen går fram av både forskrift og jordbruksavtalen og vert kunngjort kvart år i god tid før fristen går ut. Føretak som har søkt om tilskot enten i gjeldande søknadsomgang eller forrige søknadsomgang vil få ei melding i meldingsboksen sin i Altinn med informasjon om ny søknadsomgang. Basert på kva føretaket har registrert av kontaktinformasjon (e-postadresse eller mobilnummer) i eStil PT, vert det gitt varsling om ny melding i Altinn på e-post og sms.

Regelverket kring dispensasjon frå søknadsfristen er strengt. Det er ikkje dokumentert i loggen for ditt føretak at du har vore inne i eStil- PT for å registrere søknad del 1. Vi kan difor ikkje sjå at dette er eit særleg tilfelle som i følgje regelverket gir grunnlag for dispensasjon.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap.VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
Fylkesagronom

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG